

*Ark.no. 062.382 EF. Norge*

## MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

J. 23/83.

LISENS FOR FISKE I EF-SONA.

Lisensordninga for EF-sona er den same for 1983 som i tidlegare år. Det inneber at alle norske farty som

- fiskar ved Vest- og Aust-Grønland
- eller
- fiskar i EF-sona i Nordsjøen og vest for dei britiske øyane og som er større enn 200 brutto tonn

må ha lisens frå EF-kommisjonen.

Fram til 15. februar 1983 var det gjeldande ei overgangsordning basert på 1982-lisensane.

Dei fartya som hadde lisens ved utgangen av 1982 og dei fartya som Fiskeridirektoratet pr. 15. februar hadde motteke søknad frå om ny lisens eller endring av tidlegare utskreven lisens har fått nye lisensar for 1983. Som tidlegare er det ein frist på 60 dagar for å få dei nye lisensdokumenta om bord, og fartya kan dermed fiske fram til 15. april utan å ha lisensdokument for 1983 om bord.

Ved søknad om ny lisens eller endringar av tidlegare utskreven lisens ber vi om at det vedlagde (./.) skjema blir innsendt til Fiskeridirektoratet.

REGISTRERING AV FARTY SOM ER 200 BRT ELLER MINDRE:

Fiske i Nordsjøen og vest for dei britiske øyane med farty som er 200 BRT eller mindre er altså ikkje lisenspliktig. Det er likevel semje mellom EF og Noreg om å utveksle lister over slike mindre farty, og desse fartya skal difor også fylle ut det vedlagde skjemaet og sende det til Fiskeridirektoratet.

Dei som tidlegare har sendt inn registreringsskjema treng ikkje sende inn slikt skjema på nytt. Fiskerisjefane i vedkommande fylke vil få opplysningar om kva farty som står på listene som blir sende til EF.

-----

SØKNADSSKJEMA FOR LISENS FOR FISKE I EF-SONA OG REGISTRERINGSSKJEMA FOR FISKE I NORDSJØEN OG VEST FOR DEI BRITISKE ØYANE FOR FARTY SOM ER 200 BRUTTOREGISTERTONN ELLER MINDRE.

1. Namnet på fartyet	
2. Registeringsnummer	
3. Registreringsstad	
4. Eigarens namn og adresse	
5. Bruttotonnasje	
6. Lengste lengde (meter)	
7. Motorstyrke (HK)	
8. Radiokallesignal	
9. Fiskereiskap	Not ..... <input type="checkbox"/> Trål ..... <input type="checkbox"/> Garn, line, snurrevad ..... <input type="checkbox"/> Anna reiskap .....
10. Fiskeområde	Nordsjøen .....(ICES IIa, IV) <input type="checkbox"/> Vest av 4 <sup>o</sup> V og Kanalen (ICES VI, VII) <input type="checkbox"/> Ved Grønland ..... <input type="checkbox"/>
11. Viktigste fiskeslag	Torskearta fisk ..... <input type="checkbox"/> Pelagisk fisk ..... <input type="checkbox"/> Industrifisk ..... <input type="checkbox"/> Reker ..... <input type="checkbox"/> Kveite, blåkveite ..... <input type="checkbox"/> Pigghå, brugde, håbrann ..... <input type="checkbox"/>

.....  
Dato

.....  
Underskrift